



Årsmelding Vågsbygd Seilforening 2025

Styret

Etter årsmøtet 26/2-25 har styret vore samansett slik: Nils Stray (leiar), Bernhard Skaar (nestleiar), Ronny Rognhaugen (kasserar), styremedlem Erik Erland og varamedlem Jan Otto Jahnsen. Det er i perioden gjennomført seks styremøter i tillegg til diskusjon/drøfting på e-post.

Komiteer

Huskomiteen har i perioden vore Bjørn Stien og Marius Kildedal. Rune Pedersen og Jan Otto Jahnsen og Bjørn Stien har vore regattakomite for Onsdagsregattaene og Bøddelen. Flødekomiteen har vore Rune Pedersen, Morten Sørensen og Bjørn Stien i samarbeid med Lillesand Seilforening.

Aktivitet og status

Klubbhuset vart oppgradert i april med sparkling av flisegolv, legging av teppefliser og ny spilevegg. Spileveggen vart montert på dugnad. Totalkostnaden for prosjektet var 95' mot budsjett 120'. Det er gjennomført dugnader 6. mai og 16. oktober på huset og området vårt. Vindskiene mot sør og dørene til bua fekk litt måling og så vart det montert topplst på knotteplasten bak huset. Problemet med fukt på bakveggen var diverre ikkje løyst, men etter avleiing av vatn under terrassen ser det betre ut.

Under stormen Amy 3-4. oktober sleit det eine elementet (av fire) i bølgebrytaren seg og tidleg i desember sleit eit til seg. Det vart lagt ut tre nye moringar rett før jol og samankoplinga er forsterka. Forsikringa dekkjer ikkje skaden og det vart ein uføresett kostnad på 60'. VSF må rekna med meir arbeid med bølgebrytaren i 2026.

Vårserien vart avslutta 25. juni med strålande sol, stødig sør-vest og pølser på brygga. Klassevinnarane var Tempo og Yme. Flødeseilasen 14. juni vart ein frisk kryss mot Lillesand, men 32 fullførte. Soling1 deltok i eit rekordtidleg NM i Grimstad 3-4. mai og vart 10 av 15 båtar. Tempo deltok i Skagen Race 28. mai og vart 17 av 36 i sin klasse. Yme var med i NM på Askøy 21-22. juni og vart 10 av 17. båtar. Bøddelen Rundt gjekk laurdag 13/9. Det vart ein frisk slør fram og attende med 10 båtar. Overload vann føre Scawbelle og Amalie. Sundag 14/9 var det Vågsbygd Yngling Cup, kor 5-6 lag byta på å sigla 4 Ynglingar. Finalen for haustserien var fredag 19/9 med premieutdeling og servering av pizza i klubbhuset. Samanlagt vann Tempo og Yme som i vår. Guido Riesen deltok i VM for 2.4mR på Gardasjøen 7-12. oktober og vart 35 av 56 båtar.

Ynglingprosjektet har fortsatt med to «nye» båtar til miljøet og totalt 18 i byen. Tre båtar er lagra innomhus for oppgradering i vinter. Regattakurset med Yngling hadde i år 5 deltakarar. VSF er tildelt NM for 2026. Klubbkveldar med ulike tema er gjennomført i vintersesongen. 30. januar (CSF/Erik Aanderaa), 26. november (Oddvar Larsen) og 7. januar 2026 (Lars Ingeberg).

Økonomi

Overskotet vart på 7055 og saldo i banken 31.12 er 424 495. VSF fekk 2578 i lokale aktivitetsmiddel og 39 697 i momskompensasjon. Det har vore mindre utleige av huset i år med 76', men meir for båtar med 66'. Eigne arrangement gjekk 2092 i underskot. Alle 13 båtplassane har vore utleigd i år. Det er ni større båtar i vinteropplag i år, pluss ni Ynglingar.

VSF hadde 109 betalende medlemmer i 2025, mot 107 i 2024. Det er kome til 13 nye medlemmar i året.